



# Sund Sokneblad

Nr. 1

5. februar 2020  
Årg. 89



## Stor fellesgudsteneste

Som avslutning på markeringa av at Sund, Fjell og Øygarden hadde gått saman til ein ny storkommune vart det søndag 5. januar skipa til ei fellesgudsteneste for heile den nye storkommunen i Sotra Arena. Her var både kyrkja og ulike organisasjonar med. Biletet viser ein del av dei som møtte fram til kyrkjekaffien etter gudstenesta.

side 3

### Konfirmantleir

Konfirmantane i Sund sokn var på konfirmantleir på Fjellly i midten av januar. Tilbake i Sund sokn var dei aktivt med i gudstenesta i Sund kyrkje søndag 19. januar.

sidene 4-5

### Kva skjer i sokna

Denne gongen har vi med ein del av det som skjer på kyrkjeleg plan i dei ulike sokna i kommunen, både når det gjeld barnearbeid og kyrkjemusikk.

sidene 11-15

### Lys Vaken

I samband med 1. søndag i advent vart det også sist år skipa til Lys Vaken for alle 11-åringar som hadde lyst til å overnatta i kyrkja frå laurdagen til 1. søndag i advent og vera med på gudstenesta denne dagen.

sidene 6-7

### Julekonsertar

Før jul hadde Sund Blandakor ein vellukka konsert i Sund kyrkje. Dei hadde med seg Sund Brass, Sund Toraderklubb og det nystarta koret Havbris. I Kausland kyrkje var eit prosjektkor frå Sund og Landro med på å syngja jula inn.

sidene 8-9, 16-17

### Føremiddagstreff

Hildegunn B. Myklebust var gjest på føremiddagstreffet i november.

sistesida

## Pastoralt perspektiv

# «EG HAR EI TENESTE STOR FOR GUD»

Overskrifta er henta frå ein song som er over 100 år gamal. Men eg trur den er aktuell også i 2020. For dessverre tenkjer vi ofte smått om vår teneste i kvardagen. Og til tider syns vi vel også at den er for lite åndeleg. Men ifølge Martin Luther har vi ingen grunn til det. For når vi gjer ei god gjerning mot vår neste, så er det GUD som er på ferde! Slik forstår Luther *vårt kristne liv i verda*. Gjennom dåp og tru vert vi alle heilaggjorte, og dermed har vi alle del i kallet om å leva det heilagelivet i verda der kvar enkelt er sett til å leva. Dermed skal vi, på Guds vegne, få gje kvarandre det vi treng til livets opphald. Og vi skal få rekna det som «ei teneste stor for Gud»!

Når ei mor gjev barnet sitt bryst, når ein baker lagar brød, og når ein øvrighetsperson styrer samfunnet, då er det – ifølge Luther – GUD som er på ferde. Han skjuler seg bak masker som t.d. mor, baker og øvrighet – der menneske utfører det kall dei er sett til. Og i dette perspektivet så har vi ALLE ei teneste stor for Gud – til beste for vår neste!

Og dermed er heller ikkje verken prestekallet eller munkekallet å rekna som eit høgare kall enn det å vera baker eller mor. Det som det kjem an på er om vi er *trufaste* i det arbeidet som gagnar vår neste. Og slik får vår kvardagsteneste ein dimensjon som både kan og bør stimulera vår flid og vår kreativitet. Vårt ærlege arbeid skal oppfylla den guddommelege standard som nettopp ligg i det å vera kalla av Gud!

Og ein slik kallsetikk vil kunne få store konsekvensar i vår kyrkjelyd, men også i samfunnslivet generelt. Det å ha eit slikt mandat og ein slik himmel over vår kvardag, gjer noko med oss, og dermed også med vår neste som skal få nyta godt av vår teneste!

Lat oss difor pussa støvet av Luther si forståing av *det kristne livet i verda*!

Og lat oss dermed slutta med å tenkja smått om vår kvardagsteneste, og i staden syngja med Matias Orheim frå 1908: «*Eg har ei teneste stor for Gud frå dag til dag i det stille, der kvardagskleda vert høgtidsskrud og livsens småting så gilde... Så er mi teneste stor for Gud, og heimen han er mi kyrkle, der arbeidstrøya er presteskrud i alt mitt œrlege yrke...*» (Norsk salmebok 424)

Kjell-Asle Børnes

## Velkommen til gudsteneste

### 09. februar – Såmannssøndag – Luk 8,4-15

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 *Bønevandrings*-gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd  
Takkoffer: Bibelselskapet

### 16. februar – Kristi forkláringsdag – Matt 17,1-9

SUND kyrkje kl 18.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.  
Nattverd  
*Song: Betweeneskoret*  
Takkoffer: Gideon

### 23. februar – Fastelavnssøndag – Joh 17,20-26

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Michal Møgster.  
Dåp og Nattverd  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

### 01. mars – 1. søndag i fastetida – Matt 4,1-11

SUND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.  
Dåp og Nattverd  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

### 08. mars – 2. søndag i fastetida – Matt 15,21-28

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.  
Dåp og Nattverd  
Takkoffer: Israelsmisjonen

### 15. mars – 3. søndag i fastetida – Luk 11,14-28

SUND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Michal Møgster.  
Dåp og Nattverd  
Takkoffer: Blå Kors

### 22. mars – Maria bodskapsdag – Luk 1,26-38

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.  
Dåp og Nattverd  
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

### 29. mars – 4. søndag i fastetida – Joh 11,45-53

SUND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.  
Dåp og Nattverd  
Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet  
SØNDAGSKULE!

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er *høve* til å ha dåp
- Det er som oftest kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er uteigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

**Kyrkjekyss - Indre Sund**

Kontaktperson: Arne Dåvøy - tlf. 936 10 773



Mange menneske samla seg etter kvart i Sotra Arena då overgangen til ny stor kommune vart avslutta der med ei fellesgudsteneste for heile den nye kommunen.

Rundt 1800 menneske var samla til fellesgudstenesta i Sotra Arena søndag 5. januar. Gudstenesta var avslutninga på markeringa av at Sund, Fjell og Øygarden hadde gått saman til ein kommune.

Dette var nok inga gudstenesta i vanleg forstand, men likevel ei stund med kristne

## Fellesgudsteneste i Sotra Arena

songar, tale, bønevandring og kyrkjekaffi.

Maria Tveten, sokneprest i Foldnes, heldt tala der ho m.a. intervjuja «Herodes» om korleis han reagerte då han fekk høyra at ein konge var

fødd.

Sotra Reviderte, Telos og ei samling av fleire barnekor stod for mykje av songinnslaga. På plass var òg Fjell kyrkjebrass, og til saman vart det ei fin markering av det musikalske

i den nye kommunen.

Det var òg eit innslag med bønevandring der ein kunne skriva bøner eller tenna lys.

Etterpå var det godt frammøte til kyrkjekaffien.

*Olai Otterå*



Sokneprest i Foldnes, Maria Tveten, heldt tala i gudstenesta der ho m.a. intervjuja «Herodes» om hans reaksjon på at ein konge var fødd.



Sølv Schei var ei av dei som hadde solo-innslag saman med kora Telos og Sotra Reviderte.



I bønevandringa kunne ein m.a. tenna eit lys.



Det var godt frammøte til kyrkjekaffien etter fellesgudstenesta der ein kunne smaka på bollane som var bakt og elles få seg ein prat.



Samling av konfirmantane på Fjell-ly.



Her gjeld det å få orden på rommet sitt. Joachim, Even B.G., Noah B.E. og Herman er i full sving.



Dessleire fire jentene har visst fått orden på sitt rom. Marthe, Ronja, Hannah, Emilia og Helena N.

## Konfirmantleir

Årets konfirmantleir gjekk, tradisjonen tru, av stabelen midt i januar på Fjell-ly, og blei – også tradisjonen tru – heilt konge! Gjengen i år er på 70 konfirmantar, og stemninga var høg frå første stund! Vi var saman frå fredag til sundag i eit godt fellesskap med ulike aktivitetar, gøy underhaldning og ei klar forkynning av evangeliet om Jesus Kristus.

### Fredag

I seks-tida på fredag ettermiddag stod vi klare, eit flott leiar-team, til å ta imot ungdomane. Ikkje få var spente då dei kom, på kven dei skulle dele rom saman med – slike ting kan kjent vere avgjerande.

Etter ein god kveldsmat, med mykje eting og svært mykje livleg prat, var det tid for kveldssamling. I år var vi så heldige å få besøk av Ruben Gazki! Han kallar seg «svindlar med stil» og viste oss kor sjukt hjernen vår kan bli lurt og manipulert til å tru at vi ser noko heilt anna enn det som er verkeleg! Fascinerande!

Seinare på kvelden var det duka for den tradisjonsrike fly-stol-leiken! Alle måtte vere med, både unge og vaksne! Det var knytt spenning særleg til korleis villmannen av ein konfirmantlærar ville gripe an denne kampen. Han har hatt det med å slenge konfirmantar veggimellom! Men etter intens tevling var det til slutt Mathias som gjekk av med sigeren.

Kveldane blei avslutta med ei lita samling med song, bøn og eit kort andaktsord.



Joachim skapte stemning med gitaren som han hadde teke med seg.



Ruben Gazki viste kor sjukt hjernen vår kan bli manipulert.

## på Fjell-ly

### Laurdag

Laurdagen var prega av god stemning og ei fin blanding av fritid og program. Vi hadde bibeltimar på morgenane der tema var frelsa – at Gud sjølv, gjennom Jesus Kristus si liding og død for våre synder, har ordna opp for oss, så vi kan få tilgjeving for syndene våre og ha fellesskap med Gud.

Når det ikkje var program, kunne leirstaden by på ein fin gymsal og eit fritidsrom med biljard, fotballspel og bordtennis. Elles fekk alle vere med på tur ut i det friske vintervêret, anti-mobbe-seminar samt Mesternes mester-konkurranse.

På laurdagskvelden fekk vi besøk av Andreas Gravdal. Han kallar seg sjølv «anti-couch», og snakka om sjølvbiletet vårt, om kor viktig det er å ikkje måle verdien vår ut ifrå kva vi presterer, men sjå at vi er gode nok i oss sjølv – i den vi er.

### Sundag

Sundagen bar preg både av at vi skulle reisa heim og at konfirmantane skulle delta på ulikt vis på kveldsgudsteneste i Sund kyrkje på kvelden.

Konfirmantleiren ble ei minneverdig helg på mange måtar også i år, og ungdomane bidrog til at leiren hadde eit godt og positivt miljø. Tusen takk for ei fin helg!

Og tusen takk til alle de foreldre som var nattevakter så vi leiarar kunne få sove!

Dag Reidmar Pettersen  
Foto: HAROLD TRELLEVIK



Helena les ein del av bibelteksten for kvelden medan Idar ventar på tur. Mathias (ikkje med på biletet) er alt ferdig å lesa sin del av teksten.

## Kveldsgudstenesta etter leiren

På sundag 19. januar var det duka for kveldsgudsteneste i Sund kyrkje, der konfirmantane skulle delta med ulike oppgåver. (Dei var tidlegare på dagen blitt henta etter leiren på Fjell-ly.)

Nokre gjorde praktiske oppgåver, som å ynske velkommen i døra, dele ut program og kveike lys, medan andre las Bibel-ord og bøner. På leiren hadde ei handfull konfirmantar sett seg ned og laga bøner som

skulle bedast i gudstenesta. Ungdomane las desse opp, og forsamlinga slutta seg til dei i bøn til Gud.

Frå presten vår, Kjell-Asle, fekk vi høre at når Gud handlar med oss, sparer han ikkje på alt det gode han vil gi oss. Han har nåde å gi oss, ein ny start og liv i overflod!

Dag Reidmar Pettersen  
Foto: OLAI OTTERA



Frå laurdag 30. november til sundag 1. desember var 48 livlege og flotte 11-åringar samla i Sund kyrkje til årets Lys Vaken ☺

Lys Vaken er eit trusopp-læringsstiltak for alle 11-åringane i soknet som vil vere med, og dreier seg om å overnatte i kyrkja natt til første sundag i advent.

Gjennom bibelforteljing og «stasjonsvandring», førebuing av gudsteneste og lystenning er tema for Lys Vaken nettopp «Lys» og det å vere vaken: Gud sør aldri, men er alltid vaken og passar på oss. Og viss vi er vakne for at han vil fortelje oss noko, kan det godt vere vi får høre frå Gud vi også! Så kan vi som fellesskap også vere vakne overfor kvarandre – sjå, ta vare på og inkludere kvarandre. Dette vil Jesus hjelpe oss med, han som Bibelen kallar «Det sanne lyset».

Forteljinga vi fekk høre frå Bibelen, handla om tweenguten Samuel som overnattet i si kyrkje for lenge, lenge sidan. Samuel fekk oppleve at Gud såg han og tala til han. Og at Gud var interessert i å ha han med på laget sitt!

Det var ein glad og positiv gjeng vi fekk bli kjent med desse dagane, og gjennom måltidsfellesskap, leikar, spel og aktivitetar hadde vi det kjempegøy saman! Vi fekk ei stemningsfull avslutning på dagen med levandelys, godnattforteljing og overnatting i det store kyrkjerommet.

På sundagen var tweensa med og laga til gudsteneste med song, lesing av bøner og bibeltekstar, praktiske oppgåver og utstilling av kunst og teikningar.

Under leiing av Lys Vaken-general Brynhild Enerhaug blei dette ei fin oppleveling for både deltararar og leiarar! Og det var tydeleg at tweensa fekk oppleve at dei har ein plass i kyrkja vår ☺

Dag Reidmar Pettersen  
Kyrkjelydspedagog,  
Sund sokn

# LYS VÅKEN





Sund Toraderklubb



Sund Brass



Det nystarta koret Havbris.

# Julekonsert med Sund Blandakor og andre

Sund kyrkje vart nesten for lita til å romme alle menneska som kom for å få med seg Sund Blandakor sin julekonsert måndag 9. desember. Men ved å opne veggar og elles sette inn ein del fleire stolar, fekk ein til slutt plassert alle.

Det var eit rikt program Sund Blandakor hadde laga til. For koret var ikkje åleine om konserten denne kvelden. Her var også det nystarta koret Havbris, Sund Toraderklubb var med, og det same var Sund Brass.

Sund Blandakor starta konserten med nokre kjende julesongar. Med «Det hev ei rose sprunge» og «En stjerne skinner i natt» fekk dei med både ein gammal og ein nyare julesong. «Det hev ei rose sprunge» er opprinnelig ein tysk julesong frå ikring 1587 medan melodien stammer heilt tilbake til 1400-talet. I denne avdelinga hadde dei også med «Jul, jul, strålende jul», og dei hadde med ein song på engelsk, «Walking in the air».

Så var det Sotra Toraderklubb sin tur. I si avdeling i konserten framførte dei fire melodiar, og ein av dei hadde ein tittel som peika mot jul, nemleg «Mary's Boychild», som forresten var arrangert av Sonja Pedersen og Eli Gerdts.

Det nystarta koret Havbris frå tidlegare Fjell kommune hadde greidd å bli eit stort kor på den korte tida det har

eksistert. Etter starten seint i september hadde dei berre hatt 8 øvingar saman før denne konserten, men dei song som om dei skulle ha øvd mykje meir enn det. Dei song to songar på engelsk i tillegg til at dei song ein song av Anne Grete Preus saman med Sund Blandakor: «Når himmelen faller ned». Dirigenten for Havbris er Ann Jorunn Hillersøy, same person som er dirigent for Sund Blandakor.

Deretter var det ei avdeling med Sund Brass og deira dirigent Finn Christian Larsen. I deira avdeling vart det meir julemusikk med melodiar som «Deilig er den himmel blå» og «Snart er det julenatt».

Konserten vart avslutta med ei avdeling nummer to med Sund Blandakor. I denne avdelinga song dei m.a. «Stille Natt», «Mitt hjerte alltid vanker» og «O, helga natt». Dei hadde også funne plass til Trygve Hoff sin «Nordnorsk julesalme».

Heilt til slutt var det allsang med «Deilig er jorden» før dei ulike gruppene fekk blomar som takk for deltagninga. Og mykje applaus fekk dei også frå den fullsette kyrkja som nok tykte at både kora og musikarane hadde gjort ein god innsats. Det var mange som gav uttrykk for at det hadde vore ein fantastisk fin konsert.

Ola Otterå

## Nye vedtekter for gravplassane i Øygarden kommune

Det er nye vedtekter for gravplassane i Øygarden gjeldande frå 1.1.2020.

Den som festar ei grav på ein av gravplassane i Øygarden må sette seg inn i vedtekten.

Vedtektena ligg på våre nettsider: [www.kyrkja.no/øygarden/gravferd](http://www.kyrkja.no/øygarden/gravferd)

I kommande utgåver av kyrkjeblaða vil me informere om viktige punkt i vedtektena.

Det er Øygarden kyrkjelege fellesråd som forvaltar vedtektena for gravplassane.

Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje



DEN NORSKE KYRKJA



Sund Blandakor

# Nyårshelsing

Frå nokre av sokneprestane og nokre soknerådsleiarar.



**Per Helge Refvik**

Leiar Foldnes sokneråd

Vi ønskjer at Foldnes kyrkje skal vere ein aktiv kyrkjelyd, der så mange som mogleg deltek på gudstenester og andre arrangement i kyrkja, og finn det naturleg å nytte kyrkja til å markera dei store hendingane i livet sitt. Vi vil at kyrkjelyden skal vere eit inkluderande og trygt fellesskap der ulike menneske i alle aldrar skal kunne finne sin plass.



**Maria Tveten**

Sokneprest i Foldnes

Eg ønskjer at vi i den nye kommunen vil oppleve glede over å vere fleire; fleire erfaringar, fleire med fagleg kunnskap og kompetanse, og fleire stemmer å lytte til og lære av. For kyrkjelyden i Foldnes ønskjer eg at vi vil våge å kome kvarandre og Jesus nærmare, og at stadig fleire skal finne gudstenesta som eit godt pulsslag for trua, livet og fellesskapet.



**Erling Vik**

Leiar Hjelme og Blomvåg sokneråd

Mitt ynskje er at vårt arbeid er slik innretta at den enkelte vil kjenna seg elsa av Gud og menneske. At vi får være med å forkynne budskapet om Jesus Kristus på en god og rett måte. Videreføre vårt arbeid med NAMU (naturlig menighetsutvikling) slik at me kan bli bedre innanfor dei områder me i dag er svakast på i våre menigheter. Kunne opprettholde et rike og omfattende barne og ungdomsarbeidet me har hatt i vårt område.



**Espen Tveten**

Sokneprest i Hjelme og Blomvåg

«Elska av Gud og menneske». I tida framover har me denne visjonen for arbeidet i Hjelme og Blomvåg sokn. Tenk kva som hadde skjedd i vår kyrkjelyd og vårt nærområde om alle hadde sett at dei var elsa av Gud, og tenk kva som hadde skjedd rundt oss om alle opplevd omsorga frå eitt eller fleire menneske. Lat oss arbeide og be om det må skje.



**Jorunn Småbrekke Gjersvik**

Leiar Fjell sokneråd

Byggje eit ope og inkluderande kristent fellesskap også ut over det som skjer i gudstenesta. ALLE er velkomne slik du er til å ta del i åndeleg, musikalsk og menneskeleg fellesskap. Vera med å byggja fellesskap og bli utfordra ut frå interesser og evner. Få kjenna at du høyrer til og er verdsett.



**Kjell-Asle Børnes**

Sokneprest i Sund

Me ynskjer kvarandre godt nytt år i Jesu namn!! Sund sokn ynskjer me at evangeliet om Jesus skal forkynnast klårt og reint, og at barn, unge, vaksne og eldre skal finna sin plass i kyrkjefellesskapet. Me veit ikkje kva 2020 vil bringa, men me veit at Jesus er der allereie med sin nåde og fred. Han seier: Følg meg! Lat oss ta han på ordet og hjelpa kvarandre på trusvegen...



**Tove Karin Lyngsmo Angeltveit**

Leiar Landro sokneråd

Vi ynskjer at Landro kyrkje skal vera ein stad du kan føle deg heima i, uansett tvil og tru. Der evangeliet vert forkjent.

Ei kyrkje med fellesskap for barn, ungdom, vaksne og eldre. Ei god og inkluderande kyrkje, eit godt og inkluderande fellesskap.

I dette bladet presenterer me ein del av arbeidet ute i sokna.  
Diakoniarbeidet vert presentert i neste utgåve.

# Barn og unge

## Gud gir! Vi deler!

Vi har som mål at alle døypte og tilhøyrande 0–18 år skal få tilbod om grunnleggjande opplæring i kristen tru og tradisjon. Vårt ønskje for barn og unge i kyrkjelydane er at dei skal få ei tru som varer livet ut!

Vi jobbar tverrfagleg og saman med frivillige for å styrke og utvikle det kyrkjelydsbyggjande arbeidet i lokalkyrkjelyden. Vi har fantastiske frivillige og tilsette medarbeidarar i alle aldrar som gir det best dei har vidare til barn og ungdom!

Seksjon for barn og unge har som mål at barn og ungdom i kyrkje-lyden opplever seg elsa av Gud, og at dei vert grunnfesta i den kristne trua, inkludert i fellesskapet i kyrkja, disipelgjort til å følgje Jesus gjennom kristne praksisar, og utsendt til eit liv i tru, håp og kjærleik, lokalt

og globalt. Vi trur at Gud, gjennom Jesus, viser oss eit annleis rike og ei opp-ned-tenking, som vi som kyrkje vil la oss inspirere av: Dei minste er dei største, dei siste blir dei første, og det som synast å vere lite verdt menneskeleg sett, det gir Gud den høgaste verdi! Hos Gud er det ingen prestasjonskrav – Han elskar oss slik vi er. Så motsett av korleis vi elles møter kvarandre. Korset viser oss to retningar, den vertikale linja viser at kvar av oss har uendeleg verdi for Gud, den horisontale linja minner oss om at vi skal dele Hans kjærleik og omsorg med kvarandre. Gud gir! Vi deler! I kyrkja i Øygarden ønskjer vi ta imot det Gode Gud gir oss gjennom Jesus Kristus, og vi ønskjer å gi dette vidare til dei rundt oss.

Alle sokna driv trusopplæring for målgruppa 0–8 år. I tillegg til

dei tilboda som er på oversikta under (som kyrkja og/eller nære samarbeidspartnarar driv), blir barn og unge kvart år inviterte til ulike trusopplæringsdagar, turar eller leirar i regi av kyrkja. Dette er organisert litt ulikt i dei fem sokna i Øygarden. Ta kontakt med kyrkjemkontoret om du har spørsmål. I oversikta under finn du dei tiltaka for barn, unge/familiar som går jamt og trutt gjennom året i dei ulike sokna i Øygarden.

## Sund sokn

### Søndagsskule

- 3-10 år
- Søndagar kl. 11.00 ved gudstenester
- 5-15 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Hildegunn M. Børnes tlf. 477 07 698

### Betweenklubben

- 9-13 år
- Éin tysdag i månaden 17.30 – 19.30 i Sund kyrkje
- 10-20 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Maria A. Stokke tlf. 938 06 984

### Myldredag Kausland kyrkje

- For alle!
- Éin onsdag i månaden kl. 17-19
- 30-50 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Hildegunn M. Børnes tlf. 477 07 698

### Myldredag Sund kyrkje

- For alle!
- Éin tysdag i månaden kl. 17-19
- 30-50 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Hildegunn M. Børnes tlf. 477 07 698

### Boost Klubb - fellesskap, kvelds og undervisning

- Frå 10. klasse
- Tysdagar kl. 19-21.30 i Sund kyrkje
- 10-15 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Dag Reidmar Pettersen  
tlf. 477 07 952

## Foldnes sokn

### Søndagsskule

- 3-10 år
- Søndagar kl. 11.00 ved gudstenester
- 15-30 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Elisabeth Møll Jung tlf. 930 64 205

### Lillelørdag

- 5.-7. klasse
- Éin onsdag i månaden
- 10-15 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Maria Tveten tlf. 450 63 016



### KM KLUZZ: Myldredag m. middag og aktivitetar

- For alle!
- Éin tysdag i månaden kl 17 – 18.45, i samarbeid med Fjell KM
- 25-50 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Kari Burke-Romarheim  
tlf. 465 14 662

### Ungdomslørdag

- Frå 8. klasse
- Annankvar laurdag
- 30-35 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Joel Turøy Midtveit tlf. 476 66 443

## Fjell sokn

### Søndagsskule

- 3-10 år
- Søndagar kl. 11.00 ved gudstenester
- 10-20 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Søgne Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646

### Tweensklubben og Tweens+

- 9-15 år
- Annankvar fredag kl. 19 – 22
- 40-70 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Søgne Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646

### FamilieKRIK

- For alle!
- Laurdagar kl. 15.30 – 17.30, Bildøy bibelskule
- 20-30 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Leiv Arne Risa tlf. 922 60 018

### KRIK Ulveset

- Frå 8. klasse
- Kvar torsdag kl. 20–21 på Ulveset skule
- 10-20 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Tore Heggernes tlf. 934 05 925

## Landro sokn

### Søndagsskule

- 3-10 år
- Søndagar kl. 11.00 ved gudstenester
- 10-15 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Bjarte Nese tlf. 915 32 437  
Kyrkjekontoret tlf. 55 09 74 40

### Landroklubben

- Frå 9. klasse
- Annankvar fredag kl. 19 – 22 i kyrkjekjellaren
- 10-15 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Bjarte Nese tlf. 915 32 437

### Tacofredag

- For alle!
- Éin fredag i månaden
- 30-50 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Bjarte Nese tlf. 915 32 437

## Felles for Fjell, Foldnes og Landro sokn

### Babysong

- 0-1 år
- Éin måndag i månaden i Landro, Fjell eller Foldnes kyrkje kl. 10.30 – 12.30
- 5-20 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Elisabeth Møll Jung tlf. 930 64 205

### Tensing Lukas

- Frå 8. klasse
- Måndagar 18.30 – 21.00 i Foldnes kyrkje
- 25-35 deltagarar
- Kontaktperson:  
Beate Sørhus tlf. 476 45 841

### Bibelgrupper

- Frå 8. klasse
- Ulike dagar
- 25-35 deltagarar
- Kontaktperson:  
Maria A. Stokke tlf. 938 06 984

### MILK MiniLeiarKurs

- For 15/16-åringar
- Ein torsdag i månaden i Foldnes kyrkje + leir + praksis
- 25 deltagarar
- Kontaktperson:  
Søgnie Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646

## Hjelme og Blomvåg sokn

### Babysong

- 0-1 år
- Annankvar måndag 11.00 – 12.30 i Blomvåg kyrkje
- 5-10 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Matilde Karin Dale tlf. 902 72 703

### Småbarnssong

- 1-3 år
- Annankvar tysdag 17.30 – 18.45 i Blomvåg kyrkje
- 10-20 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Kari Sandøy Rong tlf. 936 29 159

### Søndagsskule Hjelme kyrkje

- 3-10 år
- Søndagar kl. 11.00 ved gudstenester
- 10-20 deltagarar i snitt
- Kontaktpersonar:  
Sunniva Hellesøy tlf. 411 07 270  
Kyrkjekontoret tlf. 55 09 74 40

### Søndagsskule Blomvåg kyrkje

- 3-10 år
- Søndagar kl. 11.00 ved gudstenester
- 15-30 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Mie Blom Bonifacio tlf. 458 04 884  
Kyrkjekontoret tlf. 55 09 74 40

### Refuel Ungdomsklubb

- Frå 8. klasse
- Annankvar fredag, INRI, Rong senter
- 30 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Hogne Berland tlf. 986 83 424

### K2 - Undervisning, fellesskap og leirleiarkurs

- 10. klasse
- Éi samling i månaden på kyrkjekontoret på Rong senter
- 15-30 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Hogne Berland tlf. 986 83 424

### K2pp - Fellesskap og undervisning

- 16, 17, 18 år
- Fire samlinger i året m. overnatting
- 15-20 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Hogne Berland tlf. 986 83 424

### KRIK

- Frå 8. klasse
- Annankvar fredag på Vik bedehus, regi av ACTA/Normisjon
- 30-40 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Leif Gunnar V. Vik tlf. 948 10 746

### Bibelgrupper

- Frå 9. klasse
- Ulike dagar
- 25 deltagarar (fordelte på ulike grupper)
- Kontaktperson:  
Hogne Berland tlf. 986 83 424

# Kyrkjemusikk

Kantorane i Øygarden kyrkjelege fellesråd utgjer i staben seksjon for kyrkjemusikk. Kyrkjemusikkseksjonen er drivar for arbeidet i musikkutvalet.

Kyrkjemusikkutvalet, dei 5 kantora-ne og friviljuge, er ein forlenging av kyrkjemusikkseksjonen. Vi planlegg, arrangerer og samarbeider om ulike

konsertar og gudstenestar i heile fellesrådsområdet. Arbeidet vert i forkant for kvart semester presentert i brosjyra Konsertprogram.



## Sund sokn

### Stjernekor

- For barn frå 4 år til og med 3. klasse
- Øving annankvar tysdag  
kl. 17.30–18.30 i Sund kyrkje
- 15–20 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Irina Tarasova tlf. 474 50 606

### Betweenskor

- For barn frå 4. klasse og oppover
- Når: Annankvar tysdag  
kl. 18.30–19.30 Sund kyrkje
- 10-15 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Irina Tarasova tlf. 474 50 606

### Sund og Landro juleprosjektkor

- For vaksne
- Øving november/desember,  
onsdagar eller torsdagar
- 18 deltagarar i snitt
- Kontaktpersonar:  
Eline Olsen tlf. 906 05 332  
Irina Tarasova tlf. 474 50 606

## Fjell sokn

### Fjell barnekor

- For barn i alder 4 år til 4. klasse.
- Øving annankvar tysdag  
kl. 17.30–18.30
- 10-12 deltagarar i snitt
- Kontaktpersonar:  
Malene Mortensen tlf. 480 89 010  
Eivind Kausland Lie tlf. 408 85 692  
Olav Sørheim tlf. 926 15 988

### Sotra Reviderte

- For vaksne, men òg ope for  
unge/unge vaksne/vaksne
- Øving kvar tysdag kl. 19.00–21.30
- 18 deltagarar i snitt
- Kontaktpersonar:  
Tor Amund Gjersvik tlf. 908 62 603  
Olav Sørheim tlf. 926 15 988

### Fjell kyrkjebrass

- For vaksne, men òg ope  
for unge/unge vaksne/vaksne
- Øving annankvar torsdag  
kl. 19.45–21.30.
- 15 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Olav Sørheim tlf. 926 15 988

---

## Foldnes sokn

### **Foldnes barnegospel**

- For barn i alder 5 år til 4. klasse.
- Øving annankvar tysdag kl. 17.30–18.30.
- 10 deltagarar i snitt
- Kontaktpersonar:  
Maria Wergeland tlf. 410 09 550  
Aasmund Brekke tlf. 995 63 706

### **Mannskoret AvogTil**

- For vaksne menn.
- Øving av og til (ca. 2–3 øvingar pr. år)
- 8-12 deltagarar i snitt
- Kontaktpersonar:  
Kjell Fyllingen tlf. 480 54 920  
Aasmund Brekke tlf. 995 63 706

### **Lukas Tensing**

- For ungdom frå konfirmasjonsalder og oppover
- Øving kvar måndag kl. 18.30–21.30
- 30 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Anne Oline Gammelsæter tlf. 940 21 781

### **Forsongarteneste**

- Vaksne og ungdommar
- Kvar søndag kl 10.10–12.15
- 12 deltagarar
- Kontaktperson:  
Aasmund Brekke tlf. 995 63 706

---

## Landro sokn

### **Landro barnekor**

- For barn i alder 6 år til 9 år.
- Øving kvar tysdag kl. 17.30–18.40
- 10 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Eline Olsen tlf. 906 05 332

### **Landro tweenskor**

- For barn i alder 10 til 14 år.
- Øving kvar tysdag kl. 18.45–19.45
- 4-6 deltagarar i snitt
- Kontaktperson:  
Eline Olsen tlf. 906 05 332

### **Sund og Landro juleprosjektkor**

- For vaksne
- Øving november/desember, onsdagar eller torsdagar
- 18 deltagarar i snitt
- Kontaktpersonar:  
Eline Olsen tlf. 906 05 332  
Irina Tarasova tlf. 474 50 606

---

## Hjelme og Blomvåg sokn

### **Gospel Teens**

- Frå 5. klasse, ungdomsskule og vidaregåande
- Øving annankvar tysdag kl. 18–20 i Blomvåg kyrkje
- 30-40 deltagarar i snitt
- Kontaktpersonar:  
Kate Solsvik tlf. 974 32 546  
Olaug Rong tlf. 412 85 123



## Morten Torsvik innsett som sokneprest i Fjell

Søndag 12. januar vart den nye soknepresten i Fjell innsett. Det var fungerande prost Øystein Skauge som stod for innsettinga.



Stjerne- og Betweenkoret var med å synga jula inn i Kausland kyrkje.

## Egil Hovlands Pilgrimsmesse

**Egil Hovland: Pilgrimsmesse for kor, orgel og blåsarar**

**Sund kyrkje**

Laurdag 21. mars kl. 18

Kollekt

**Herdla kyrkje**

Søndag 22. mars kl. 19

(Kveldsmesse. Liturg: Ingebrigt Norbakken)

Kollekt

*Medverkande:* Askøy prosjektkor, Sotra Reviderte,

(Sund prosjektkor?), Fjell kyrkjebrass,

kantorane Hermund Rebnord, Irina Tarasova og Olav Sørheim

I samband med framføringa av Hovlands Pilgrimsmesse 21. og 22. mars vil vi invitere alle som har lyst å vere med på **Sund prosjektkor** til felles øvingar tysdagar kl 19.00 - 21.30 i Fjell kyrkje.

Første øving er 28. januar, men det er berre å møte opp på tysdagar eller ta kontakt med Irina Tarasova også etter denne datoен.

E-post: irina.piano.84@gmail.com - tlf. 474 50 606

## Korøving i Sund kyrkje

### STJERNEKORET

(frå 4 år til 3. kl.)

**øver kl 17.30 - 18.30**

### BETWEENSKORET

(frå 4. kl. og oppover)

**øver kl 18.30 - 19.30**

11. februar

10. og 24. mars

14. og 28. april

12. og 26. mai

Nye og gamle medlemer  
er velkomne!

## Føremiddagstreffa

Føremiddagstreffa vekslar mellom Kyrkjekjellaren i Klokkarvik og Kyrkjelydshuset på Kausland. Dei startar med ein felles lunsj før gjesten taler om sitt tema. Føremiddagstreffa er siste onsdagen i månaden og startar alltid kl 11.30.

### 26.02 Kyrkjelydshuset, Kausland

Gjest: Egil Hjortland

Tema ikkje fastlagt

### 25.03 Kyrkjekjellaren, Klokkarvik

Gjest og tema ikkje fastlagt

### 29.04 Kyrkjelydshuset, Kausland

Gjest og tema ikkje fastlagt

### 27.05 Kyrkjekjellaren, Klokkarvik

Gjest og tema ikkje fastlagt

## Onsdagstreffa

Onsdagstreffa på Aktivitetssenteret i Skogsskiftet held fram utover vinteren og våren. Treffa tek kvar gong til kl 11.00. Det blir både mat og underhaldning.

Onsdag 5. februar

Onsdag 4. mars

Onsdag 1. april

Onsdag 6. mai

Onsdag 3. juni



Eit prosjektkor frå Sund og Landro song fleire songar.

## Song jula inn i Kausland kyrkje

Då jula vart sunge inn i Kausland kyrkje søndag 22. desember, var det fleire kor med på songen. Dei to barnekora i Sund sokn, Stjernekoret og Betweenskoret var begge med, det same var eit prosjektkor med medlemer frå Sund og Landro (og andre delar av tidlegare Fjell kommune).

Stjernekoret og Betweenskoret var med frå starten av då dei song «Det lyser i stille grenader» som eit preludium til kvelden. Dei song også både «Julekveldsvise» og «Under stjernene» saman. Seinare i konserten song Betweenskoret åleine «Nordnorsk julesalme».

Det var fire medlemer i Stjernekoret som fekk tenna dei fire adventslysa medan ein song dei fire versa på «No tenner vi det første lys».

Det var også kjekt å få høyra prosjektkoret som var danna for å syngja jula inn her i Kausland

kyrkje, men også for å ha ein konsert i Landro kyrkje tidlegare i desember. Dei song først «I en natt», og seinare i konserten song dei også «Mitt hjerte alltid vanker» og «Calypso Lullaby».

Konserten inneholdt også salmar der alle var med å syngja, slik som «Det kimer nå til julefest», «Å, kom nå med lovsang», «Glade jul» og «Nå vandrer fra hver en verdens krok», og sjølv sagt avslutningen med «Deilig er jorden».

Men før vi kom til avslutninga hadde vi også fått høye juleevangeliet opplese, og Kjell-Asle Børnes hadde hatt ein andakt.

Med programmet for kvelden slik det var lagt opp, vart det ei fin innleiing til julefeiringa som stod for døra.

*Olai Otterå*

*Adventslysa blir tende.*





Aslaug Ottestad på kornett og Henrik Falang på trompet.

## Kornett og trompet i julegudstenestene

For alle som fann vegen til kyrkja i julehelga, anten det var Sund kyrkje eller Kausland kyrkje på julafesta eller 1. og 2. juledag, så fekk dei ikkje berre med seg tonar frå orgelet, men òg lyden av både kornett og trompet. Dels var det i samspel med orgelet til salmene som vart sunge, men òg i eigne innslag.

Dei to som spelte på desse instrumenta i heile julehelga var Aslaug Ottestad, som spelar kornett. Ho er barnebarnet til Aslaug Flatråker og har mange gonger tidlegare spelt i kyrkjene i Sund når ho har vore på besøk hos bestemora. Denne gongen hadde ho med seg kjærasten Henrik Falang, som altså spelar på trompet.

Ola Otterå



Eit pynta juletre og Jesusbarnet i krubba høyrer med i jula.



Ei forsangargruppe var ei god hjelptil å få litt krasse.

## Salmekveld med

Kantoren i Sund, Irina Tarasova, inviterte til salmekveld i Sund kyrkje onsdag 4. desember. Det var adventssalmar som stod i fokus denne kvelden, slik det høver seg i starten av adventstida.

## Kommunen betaler kremasjonsavgift

Øygarden kommune betaler kremasjonsavgifta for busette i Øygarden. Kremasjon skjer i Bergen og ein må betale for dette. Gravferdsbyrået opplyser om ordninga når kremasjon er tema ved eit dødsfall.

Krematoriet sender faktura til Øygarden kyrkjelege fellesråd som får oppgjer frå kommunen.

Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje



DEN NORSKE KYRKJA



ført i salmane.

## adventssalmar

Sjølv om mange av salmane var kjende nok, var det likevel bra at det var ei forsangegruppe som leia an i songen, for det er dverre ikkje altfor mange som finn vegen til kyrkja på ein slik kveld. Men med forsongarane på plass vart det bra styrke i salmane.

Michael Møgster var der og las ein tekst som Kjell-Asle Børnes hadde skrive (det var han som skulle ha vore på salmekvelden). Teksten handla om dei fire adventslysa som blir tente på dei fire søndagane før jul.

«Gjer døri høg» var vel ein av dei mest kjende salmane som vart sunge denne kvelden, men «Tenn lys!» er jo også godt kjend. Men det stoppa jo ikkje med desse to. «Folkefrelsar, til oss kom», «Rydd vei for Herrens komme», «Hosiana, Davids son!» og «Opp, gledest alle» var nokre av dei andre salmane som stod på programmet denne kvelden.

Ein fin salme var «Gå, Sion, din konge møte», og så hadde Irina Tarasova teke med ein song som Trygve Hoff skreiv i 1985, nemleg «Velsigna du dag over fjordan».

Kvelden vart avslutta med salmen «Å, kom nå med lovsang». Sjølv om det ikkje var så mange som kom til kyrkja denne kvelden, vart det likevel i koseleg stund med mange fine adventssalmar.

Ola Otterå

## Nye festeavgifter i Øygarden kommune

Det er nye festeavgifter for gravplassane i Øygarden gjeldande frå 1.1.2020. Kommunestyret i Øygarden gjorde vedtak om avgifter i møte 19.12.2019.

Alle busette i kommunen har rett på fri grav i ein periode på 20 år frå gravleggingsdatoen.

Dersom ein tek ut ei grav ved sida av (festar ei grav/dobbelgrav) må ein betale festeavgift for den grava frå første dag.

Det er ikkje mogeleg å slette ei grav i ein dobbel gravstad.

Busette utanfor Øygarden kommune må betale festeavgift frå første dag om dei vert gravlagt i Øygarden. Slik gravlegging skjer etter grunngiven søknad til kyrklege fellesråd.

Dette er festeavgiftene i Øygarden for personar med bustadadresse i kommunen:

Avgift for feste/leige av grav etter fredningstida for 1 år	
Festeavgift urnegrav/barnegrav	kr. 350,-
Festeavgift kistegrav	kr. 500,-
Festeavgift for urnegrav i namna minnelund	kr. 200,-

Avgift for leige/festegravstad	
Festeavgift 5 år Kistefestegravstad (dobbelgrav)	kr. 2 500,-

Festeavgifter etter friperioden	
Avgift for urnegrav 5 år	kr. 1 750,-
Avgift for enkel kistegrav 5 år	kr. 2 500,-
Avgift for dobbel kistegrav 5 år <sup>1</sup>	kr. 2 500,-
Avgift for anonym urnegrav 5 år	kr. 500,-
Avgift for urnegrav i namna minnelund 5 år	kr. 1 000,-
Avgift for barnegrav 5 år	kr. 1 750,-

<sup>1</sup> Vert rekna som ein gravstad

Festeavgifter vert fakturert kvart 5. år.

Sjå også vår nettside: [www.kyrkja.no/oygarden/gravferd](http://www.kyrkja.no/oygarden/gravferd) for meir detaljert informasjon

Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje



DEN NORSKE KYRKJA

Eg trur vi finn mykje av svaret i Joh 21 og Luk 15.

Joh 21 tek oss med til ein gjeng fortumla, skamfulle og forvirra læresveinar som er samla ved Tiberias-sjøen. Dei har nettopp opplevd dramatiske dagar, der Jesus brutal vart teken ifrå dei. Med Peter i spissen hadde dei brukt store ord om at dei aldri skulle svikta han!

Men då det kom til stykket, stakk dei av med halen mellom beina – alle som ein. Ja, leiaren i flokken banna til og med på at han ikkje kjende Jesus!

Slik var dagane i disippel-flokken prega av både sorg og skam. Alt fall i grus. Det var «game over»!

Men så kom det utrulege og oppsiktsvekkjande nyheter: Jesu grav var funnen tom!

Og fleire gonger hadde Jesus vist seg for mange av dei – lys levande! Ja, han hadde til og med bedt om mat, og tilbydd dei å ta på naglemerkene og såra etter krossfestinga. Så det måtte jo vera sant: Jesus hadde stått opp frå dei døde!

Men kva no? Ville han ha noko å gjera med gjengen av svikrar og feingar? Hadde dei noko framtid saman med Jesus – etter å ha svikta og fornekta?

Dei visste mest ikkje kva dei skulle tru. Så med Peter i spissen drog dei ut på fiske. Dette kunne dei i alle fall, sjølv om framtidshåpet hang i ein

## Kva er kristendom?

tynn tråd.

Men så gryr det plutsleg ein ny morgen – i dobbel forstand! Dei har slitt og streva heile natta utan å få fisk. Og no lengtar dei mot morgenon og kvila. Men i grålysninga skimtar dei ein mann inne på stranda. Kven kunne det vera?

Kva er det han ropar til dei: Har de noko å eta? Nei! Det er jo akkurrat det dei ikkje har! Null fisk, og null mat! Men kvifor kallar han dei for «borna mine»? Og kvifor i all verda bed han dei om å kasta garnet ut igjen, på høgre sida av båten? Akkurrat som det skulle hjelpe, ne, etter at det var blitt lyst? Skulle ikkje dei vita at dette er nyttaust???

Men det var liksom noko med stemma og orda til denne mannen langt der inne på stranda. Dei kunne liksom ikkje la vera å gjera som han sa. Og plutsleg var garnet sprengfullt av fisk! Ja, det var så mykje fisk at dei ikkje makta å dra det opp.

Då demra det for Johannes, som nærmast kviskrar til Peter: «Det er Herren». Og Peter reagerer spontant (som han pleier), med å hoppa i sjøen – for å koma fort fram til Jesus. Han tok seg riktignok tid til å kle på seg skikkeleg,

frørst. For skulle han få møta sin Herre og Meister, igjen, så skulle han i alle fall sjå skikkeleg ut!

Og Jesus tek imot dei, både med godhet og med frokost.

«Kom og få mat!» - seier han til gjengen med usikre, slukøra og skamfulle læresveinar.

Og det vart nesten eit nytt nattverdmåltid, der på stranda i grålysninga. Då flokken hadde samla seg rundt Herren, gjekk han fram, tok brødet og gav dei, og det same gjorde han med fisken.

Ein ny start for feingar og svikrar, «med blanke ark og fargestifter tell». Ikkje til å begripa, men allikevel til å GRIP! Jesus lar nåde gå for rett! Den som ligg nede blir

reist opp! Fortida blir ny, og framtida blir evig! Skal tru om det ikkje er dette Bibelen kallar for NÅDE?

Og det er jo akkurat det same som kjem til uttrykk i Luk 15, om den bortkomne sonen. Han møtte ein far som slo armane sine rundt han og gav han velkomstkysset – på tross av alt!

Farens uforbeholdne godhet og raushet var større enn alt! Og der og då trur eg ikkje den bortkomne sonen var det minste i tvil om kva som er sann kristendom! Det gav farens grenselause og betingelseslause nåde og kjærleik eit tydeleg og umissforståeleg svar på!

Og dermed er vel svaret på spørsmålet vårt gitt...

Kjell-Asle Børnes

### Andakten

Du kan ringja **Kirkens SOS** helle døgeret, tlf. 22 40 00 40  
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97

## GRAVMINNEN



**Løvaas  
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen



**Ditt begravelsesbyrå på Sotra.**

**Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.**

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 4, 5353 Straume  
[ samme hus som Ligningskontoret ]

**Bergen & Omegn**  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge  
Polden



Espen  
Polden



Heine  
Polden



Cathrine  
Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2. etg på Shellstasjonen  
Sartr, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



Om du har lyst til å få ordnet på neglene på både hender og føtter, få fikset på vippene og håret, kan dere besøke den nylig åpnede salongen!



## Redas Neglestudio

Reda Zideliuniene

Tlf: 46392022

Negledesigner  
Lensmannsvegen 17B,  
5378 Klokkarvik

Epost: redapukelis@gmail.com  
Facebook: Redas neglestudio

## DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93

**Marmic**  
Klær og interiør  
 homestore.no  
Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER  
JERN- OG FARGEHANDEL - FRISØR - APOTEK  
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO



SUND APOTEK  
Tlf. 56 33 88 80



Tlf. 56 33 70 70

## Myldredagar

- for heile familien
- besteforeldre også

**Klokka 17.00-19.00**

**Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje**

04. februar  
03. mars  
31. mars  
05. mai

**Kyrkjelydshuset på Kausland**

19. februar  
18. mars  
22. april  
27. mai

**Middag -**  
**bibelfortelling -**  
**aktivitetar -**  
**fellesskap**

Ta med familien og kom,  
eller kom åleine.

## Vil du vere med?

**Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyden?**

**Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?**

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:  
klokkaroppgåver,  
kyrkjevertoppgåver eller  
kaffiveroppgåver.

**Vi vil gjerne ha deg med!**

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil  
**477 07 698** eller på e-post:  
[hildegunn.bornes@sund.kommune.no](mailto:hildegunn.bornes@sund.kommune.no)

Vil du bli med på klubb?  
**Betweensklubb**

Etter nyttår startar klubben  
opp att og møtest:

18. februar,  
17. mars, 21. april,  
19. mai.

**klokka 17.30 - 19.30**

i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje.  
Frå 4. klasse og oppover.

**Leikar, aktivitetar,  
Bibelen, kveldsmat.**

Velkommen,  
og ta gjerne med ein venn!

## Strikkekafé

Strikkekaféen i kyrkjelydssalen  
i Sund kyrkje held fram på  
desse tysdagane:

11. februar  
10. mars  
24. mars

Tid: Klokka 17.30 - 19.30

Alle er velkomme, også dei  
som ikkje ynskjer å strikka.

Kontaktperson:  
Tone Hatlelid, tlf. 452 77 055

## Lovsongskveldar

i

**Sund kyrkje:**

Søndag 9. februar kl. 17.00

Fredag 6. mars kl. 19.00

Det vert kveldsmat etterpå.

Alle er velkomne

## Gjevartenesta i Sund kyrkjelyd:

**Barne- og ungdomsarbeidet:**

Kto.nr.: 3628.50.65156

**Kyrkjelydsarbeidet:**

Kto.nr.: 3470.44.67003

## TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT



Via **INTERFLORA**  
formidlar vi blomstrar  
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt  
i binderi til fødsel, dåp,  
konfirmasjon, bryllaup,  
gebursdagar og gravferder -  
og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader  
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

**Tlf.: 56 33 90 13**

Faks: 56 33 93 01

## Nettside

### DEN NORSKE KYRKJA I ØYGARDEN

Det er no laga ei felles nettside for alle kyrkjesokna i den nye Øygarden kommune. Kyrkjeverja har det redaksjonelle ansvaret. På nettsida finn du informasjon om verksemda og ein kalender som viser aktivitetar.

[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

## GRAVMONUMENTER

Egil Fosse

Kvile 17A

5379 Steinsland

Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



**KJØL STENINDUSTRI AS**

6490 EIDE

**Døypte****Gravlagde**

**15.12 Sund kyrkje**  
Jacob Olai Kårtveit Tellnes

**26.12 Kausland kyrkje**  
Ylva Mari Helgeland Vågen

**26.01 Kausland kyrkje**  
Elias Olsen Dahl

**02.02 Sund kyrkje**  
Olivia Rokstad Haugs  
Ella Syljeset Sjursen

**26.11 Sund kyrkje**  
Aadel Stordal, f. 1927

**03.12 Kausland kyrkje**  
Asbjørn Peder Glesnes, f. 1943

**12.12 Sund kyrkje**  
Berit Jenny Tveito, f. 1933

**17.12 Kausland kyrkje**  
Kitty Irene Kausland, f. 1928

**18.12 Kausland kyrkje**  
Halldis Golten, f. 1925

**30.12 Kausland kyrkje**  
Alf Arne Ystmark, f. 1962

**16.01 Kausland kyrkje**  
Astrid Kari Nipen, f. 1920

**Vårmarknad**

**Laurdag 25. april kl. 14**  
vert det vårmarknad i

Kyrkjelydshuset på Kausland.

Det vert kafé, sal av bakverk  
og basar.

Vil du vera med å bidra med noko?

Aslaug Flatråker tek imot  
gevinstar.

*Andre kontaktpersonar er:*  
Anne Berit Glesnes 97716304.  
Torbjørg O. Bakke 98607675.

**Frivilligefest**

Det vert frivilligefest i  
kyrkjekjellaren i Sund kyrkje  
**onsdag 11. mars**  
**klokka 18.00.**  
Set av datoен no.  
Invitasjon vert sendt ut.

**PRESTETENESTA I SUND**

Kontakt med prest måndag – fredag kl 09.00–15.00: **922 18 817**

Ein kan også kontakte kyrkjekontoret: **55 09 74 40**

**Samtale og sjølesorg**

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontaktet for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffested! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjølesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

**Ynskje om dåp**

Frå 1. oktober 2018 vil ikkje kyrkjekontoret lenger få tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølv ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller voksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.



**DEN NORSKE KYRKJA**

**Sund sokn**

Telefon sentralbord: ..... 55 09 74 40

**Post- og besøksadresse:**

Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkjekontoret i Sund.

**Ekspedisjonstid:**

Måndag - fredag ..... kl. 10.00 - 14.00

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Nettside:** www.kyrkja.no/oygarden  
Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkjestaben.

**Soknepresten**

Kjell-Asle Børnes..... 48 00 26 97  
sokneprest ..... 41 41 66 67  
E-post: kb427@kyrkja.no

**Soknerådet**

Svein Marius Myklebust  
soknerådsleiar  
E-post: svein.myklebust@danielsen-skoler.no

# Solstrands

Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

**VIRKE**  
**GRAVFERD**

# Sund Sokneblad

Utgjevar: Sund Sokneråd

**Adresse:** Tytebærbrekko 2,  
5353 Straume

**Konto:** 3628.07.11645

**Kontingent:** 250 kr pr. år

**Redigering:** Olai Ottera

**Redaksjon:**  
Olai Ottera ..... 928 93 057

**E-post:**  
sund.sokneblad@bkkfiber.no

**Trykk:**  
Bodoni AS, Straume



**Opplag:** 2.950

Returadresse:  
Sund Sokneblad,  
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume



Hildegunn Børnes Myklebust var gjest på föremiddagstreffet i november.

## - Vi må ha tillit til Gud

Den siste onsdagen i november var det Hildegunn Børnes Myklebust som var gjest på föremiddagstreffet i kyrkjelydshuset på Kausland. Ho ville oppmuntra oss til å lytta til Gud og ha tillit til han.

Før ho slapp til var det som vanleg eit lunsjmåltid, slik det alltid er på föremiddagstreffa.

Men gjesten er ein viktig del av programmet. Hildegunn kom inn på då Maria fekk beskjed om at ho skulle føda Jesus. Då svara ho: «Eg er Herrens tenestekvinne. Lat det gå med meg som Gud har sagt». Ho var villig til å audmjuka seg, sjølv om det sikkert var mykje negativt ho fekk høyra i denne tida. Men vi kan takka for at ho skulle få bera Jesus fram.

- Ofte vil Gud bruka oss ved at vi gir

avkall på vårt eige, meinte Hildegunn.

- Men vi må ha tillit til Gud viss vi skal kunna overlata noko til han.

Ho fortalte at i 1994 var ho lærarvikar med tilbod om fast stilling. Men ho hadde lyst på noko anna. Ho reiste på ein festival der ho vart kjent med ei som skulle til London. Hildegunn blei med i 14 dagar,

men fekk tilbod om å jobba i London.

- Dette vart heilt spesielle år som har påverka meg, fortalte ho. - Gud gav meg mange nye perspektiv.

Hildegunn trur Gud kallar oss, og ho vil oppmuntra oss til å lytta til Gud, gi avkall på oss sjølve og ta imot Guds kraft. - Stå saman, støtt kvarandre og be for kvarandre, sa Hildegunn B. Myklebust.

Olai Otterå

## Gerd Grønvold Saue heidra på 90-årsdagen



FEIRING: Salmediktarane Vidar Kristensen (bak) og Eyvind Skeie var med på markeringa av sin salmestkollega Gerd Grønvold Saue sin 90-årsdag. (Foto: Nils-Petter Enstad)

Måndag 20. januar fylte Gerd Grønvold Saue 90 år. Det blei feira av mellom andre to salmediktarkollegaer.

I høve jubileet innbaud Kristne Arbeidere til ei mottaking i IKO-bygget sine lokale i Oslo, der eit 20-tal nøye utvalde var innbedne til å vere med å feire salmediktaren, fredsaktivisten, forfattaren og organisasjonsmennesket Gerd.

Det var taler og gavéoverrekkingar, og det heile blei avrunda med at ein 90-åring i toppform fortalte ei humoristisk anekdote om korleis ho sjølv, berre 26 år gammal, nærmast blei kuppaa inn som redaktør av bladet *Brorskap* på 1950-talet.

Med meire enn 70 års medlemskap i Kristne Arbeidere – ein organisasjon som sjølv så vidt er blitt 80 år – er Gerd veteranen over alle veteranar. Ho er ei dame forbundet både er glad i og stolt av.

Mellom gjestane var fleire sentrale personar i det norske salmemiljøet, Eyvind Skeie og Vidar Kristensen, til saman tre viktige salmediktatarar.

Nils-Petter Enstad, KPK

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem omlag 1. april

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 18. mars